



Sauherad Historielag – Årsmelding 2012

Formål for Sauherad Historielag

§ 1 Sauherad Historielag har som føremål å arbeide for interesse og forståing for kommunens historie frå fyrste tid til i dag.

§ 2 Inntil kultursoga for Sauherad er skriven, vil ein arbeide for eit best mogleg kjeldegrunnlag for denne, primært gjennom munnleg tradisjon.

Årsmøte 2012

Det var godt frammøte med 25 medlemmer på årsmøtet den 15 februar 2012. Bjørn Holta hadde meldt frå at han ønska avløyising etter 8 år som leiar av styret. Valnemndas framlegg blei einstemming vedtatt:

Leiar for 1 år: Eivind Lønheim, ny, valt for 2 år,

Styremedlem: Olav J. Haukvik, ikkje på val.

Styremedlem: Ole Thor Ripegutu, ikkje på val.

Styremedlem: Asbjørn Dyrud, ny, kasserer valt for 2 år.

Styremedlem: Gunhild Haugerud, attval for 2 år.

Varamedlem Astrid Hofsrud Roe, ny.

Varamedlem: Nils Olav Haugen, ny, tidlegare styremedlem.

Revisorar og valnemnd: Kittil Dyrud, ikkje på val og Aslak Gunheim, attval.

Annan representasjon:

Gunhild Haugerud er historielagets representant og styreleiar i Sauherad Lokalhistoriske arkiv. Nils Olav Haugen er varamedlem for Gunhild.

Historielaget er medlem i Sauherad kulturnettverk og Eivind Lønheim er med i valkomiteen. Laget er og medlem av Landslaget for lokalhistorie.

Æresmedlemmer: Historielaget har 3 æresmedlemmer utnemnt i 2011. Det er Arnt Håtveit, Kittil Prestholdt og Olav Klever.

Bjørn Holta blei takka for solid innsats og stor interesse som han hadde vist i sitt arbeid for historielaget. Årsmøtet blei avslutta med at styreleiar for Landslaget for lokalhistorie, Beint Foss, fortalte om arbeidet i laget. Han tok også opp forholdet til Telemark Historielag og samarbeid med lokallaga. Leder for Telemark Historielag, Ingvar Skobba, kommenterte innlegget frå Beint Foss.

Det har vore 10 styremøte i løpet av året. På mange av desse møta har arbeidet med stulsboka vore eit prioritert område.

Bokprosjektet

Bokprosjektet om stulslivet på Sauheradjella i regi av Helge Markussen og Thorbjørn Wahlstrøm frå Skien har vore ei stor oppgave i 2012 for styret, mange medlemmer og ei rekke andre interesserte. Fram til godt ut på 1900-talet, var stulsdrift ein viktig del av jordbruket i Sauherad. Det er registrert over 80 stular i Sauherad, og om lag 50 av desse er lokalisert på Sauheradjella. Denne delen av historia vår er lite omtalt i bygdebøkene med gardshistoria. I vår del av Telemark er det slutt på aktiv stulsdrift, men gjennom arbeidet med boka, er det samla mykje god dokumentasjon om eit avslutta kapittel i tilknytning til mange av gardane i Sauherad.



Styret ser fram til å kunne presentere denne boka som etter planen skal bli klar til Norsk Eplefest den 28 september 2013. Når det gjeld stulsboka, har laget blitt tildelt kr. 100.000 frå DNB Gavefond, kr. 100.000 frå Sonja og Emil Auberts legat og kr. 15.000 frå Sauherad kommune. Det betyr at trykking av boka er finansiert. Det vil bli lagt stor vekt på at dette skal bli ei flott bok som styret vil marknadsføre og styret er svært takksam for det store arbeidet forfattarane legg ned i prosjektet.

Som del av arbeidet med boka, har vi arrangert informasjonsmøte på Nordagutu Sambruksanlegg med ca 60 frammøtte, forfattarane har presentert bokprosjektet på eit formiddagstreff på Nes menighetshus, det har vore ei rekke turar til stular på Sauheradjella med mange deltakarar og bokprosjektet har vore omtalt i fleire nummer av Helsing gjennom 2012. Til nå har forfattarane snakka med over 50 informantar og mottatt mykje informasjon og gamle bilede.

Andre aktivitetar

I tillegg har andre deler av historia vår blitt presentert og diskutert på fleire arrangement med godt frammøte, enten i eigen regi, i samarbeid med eller organisert av andre.

Vi har besøkt:

- Kullhuset 17. juni i samband med "Vers ved vannvegen". I samarbeid med Sauherad Kulturnettverk og Nordagutu Vel. Lokale guidar frå Moen krets. 25 deltakarar
- Gravhaugane ved Haug 29. august - med lokale guidar frå Sauar krets. 20 deltakarar.
- Kullhuset 30. august med lokal guide frå Moen krets. Sauherad Kulturnettverk var arrangør. Vel 50 deltakarar.
- Husmannsplassar på Holtsås 19. september med lokale guidar frå Sunds krets. 26 deltakarar.
- Ekskursjon 1. september til Vest-Telemark Museum i Eidsborg som vart kåra til årets museum i 2012 av Telemark Museumsforbund. Omvisning av museumsdirektør Dag Rorgemoen i museet, stavkyrkja og Stålekleivloftet frå 1176 som er landets eldste trebygning.
- Gunheimsgrenda 23. september - med mange kulturminne. Lokale guidar frå kretsen. 32 deltakarar.

Andre arrangement historielaget har deltatt på:

- Sauheraddagane 10. mars med boksal og marknadsføring.
- Pilegrimsvandringa 21. mai frå Nes til Bø.
- Aktivitetsdag på Evju Bygdetun 25. august. Historielaget hadde eigen stand med boksal og marknadsføring.
- Norsk Eplefest 29. september med stand saman med Sindre Flø frå Pilotprosjektet "Kultur og naturreise". Historielaget profilerte seg med boksal og marknadsføring.
- Møte på Kjernehuset 8. november saman med Gvarv Vel med foredrag av arkitekt Olav Skjeldal om bevaringsplan for Gamlegata. 40 deltakarar. (Kulturminnegruppa for Gvarv er utfordra til å fylgje opp bevaringsplanen.)



Styret har profilert laget der det har vore naturleg, og på den måten fått fleire nye medlemmer i 2012.

Kulturstien til Narekollen

Etter den store ryddinga av hoppbakken i Narekollen har Sauherad Historielag vore engasjert saman med Narekollens Venner og ski-/trimgruppa i Kjapp for å få på plass skilting frå Nordagutu stasjon til Narekollen. Det er tildelt støtte frå Sparebankstiftelsen DNB NOR til dette. Etter planen vil skiltinga bli fullført i 2013.

Medlemmer av styret har også vore med i diskusjon med Sauherad kommune og andre lag om felles profil etc. for merking av kulturminne og stiar i Sauherad.

Registrering av kulturminne.

Arbeidet med registrering av kulturminne i Sauherad som blei starta i 2009 går framover, og mange av dei 12 kartleggingsgruppene har gjort eit stort arbeid. Arbeidet vil fortsette inn i 2013.

Fleire medlemmer av historielaget har deltatt i arbeidet med digitale forteljingar som er organisert gjennom pilotprosjektet for Kultur- og naturreise. Dette pilotprosjektet er organisert av Norsk Kulturråd, Riksantikvaren, Statens Kartverk og Direktoratet for naturforvaltning. Bø og Sauherad er valt ut som pilotar saman med Dovre og ein del av Akerselva i Oslo på grunn av prosjektet for registrering av kulturminne i Sauherad. Ettersom pilotprosjektet er eit samarbeid med Bø, er arbeidet i Sauherad konsentrert om Gamlegata og Kjærlighetsstien på Gvarv samt området rundt Tangen og Evju Bygdetun.

Det blir gjort eit stort arbeid for på denne måten å formidle historia på nye måtar.

Andre saker som styret har diskutert

Sjølv om styret har brukt mykje tid til stulsbok og ulike arrangement, har det også vore diskusjonar og vedtak om ei rekke andre saker. Fleire av desse vil styret arbeide med i tida framover:

- Logo for Sauherad Historielag er bekrefta å vera eigedomen til laget. Det er laga eit banner med påtrykt logo til bruk for profilering av historielaget på ulike arrangement og logo blir brukt i annan presentasjon av laget.
- Glasplatene etter fotograf Th. Børlum er nå levert til Telemark Museum for trygg oppbevaring og digitalisering.
- I samband med diskusjonen om Det gamle Grenland og teorien om Heilag Olavs fødestad, har styret vore i kontakt med Høgskulen i Telemark og andre fagpersonar om korleis ein kan få ei breiare vurdering av mellomalderhistoria ved hjelp frå ulike fagmiljø, f.eks. til arkeologiske undersøkingar. Styret vil arbeide vidare med dette, og har løyvd inntil kr. 10.000 til dette tiltaket.
- Kultursoge for Sauherad er eit sentralt element i formålsparagrafen for Sauherad Historielag. Sauherad Historielag sendte brev til kommunen 11 mars 2010 med oppmoding om å oppnemne eit utval for å legge til rette for vidareføring av Kultursoga som del av Sauherad bygdebok. Dette er ei sak som krev mykje pengar, men styret vil vurdere ny kontakt til kommunen om dette. Styret



diskuterte også om det er mogeleg å samordne dette med ein historiefagleg gjennomgang av det materialet etter Jon Hvitsand.

- Styret har diskutert om ein bør vurdere å trykke opp boka *Sauherad – Heimbygda mi* av Torjus Bergan.
- Det har kanskje vore rundt 400 husmannsplassar i Sauherad. Sannsynlegvis er dei fleste av desse omtalt i bygdeboka, men det er ingen samla oversikt. Bygdekvinnelaget, fleire enkeltpersonar og kulturminneprosjektet har gjort mykje arbeid for å kartfeste husmannsplassane, og styret vil vurdere om det kan settast i gang eit meir systematisk arbeid på dette området slik det er gjort i fleire andre bygder i Telemark.
- Meir lokalhistorie på skuleplanen i Sauherad. Vi har hatt møte med ny rektor May Dypdalen som godt kan tenke seg å samarbeide med bl.a. Sauherad Historielag om f.eks. kulturløype for barnetrinnet (5-7 klasse) og kanskje slektsforskning som eit alternativt valfag for ungdomstrinnet?
- Styret har mottatt forslag til nye gatenamn i Megardsfeltet på Akkerhaugen. Dei nye namna har historisk bakgrunn, noko styret er prinsipielt enig i.

Informasjon

Informasjon om aktiviteten er annonsert gjennom Helsing og på heimesidene våre (www.sauherad.historielag.org).

Styret set stor pris på samarbeidet med redaktør Ivar Solbu i Helsing som gjer ein stor og flott innsats for å bringe tankar, forteljingar og ulike former for informasjon ut til bygdefolket i Sauherad.

Økonomi/Medlemstal/Frivilligregisteret

Økonomien i Sauherad Historielag er solid etter auke i medlemstalet til 65 betalande i 2012 og godt sal av bøker dei siste åra. Det er særleg boka "Saude og Nesherringer i Amerika" frå 1920 som har vore mykje etterspurt. I tillegg er det litt sal av bøkene om Halvard Gråtopp og historia om utvandringa frå Sauherad. Regnskapet for 2012 viser eit overskot på kr. 7.603 og ein "vanleg" eigenkapital på kr. 39.733. Utover dette har laget motteke forskot på tilskota til stulsboka på kr. 108.000. Sauherad Historielag er nå registrert i Frivilligregisteret med organisasjonsnummer 998 170 400.

Styret vil gjerne takke for dei sjenerøse gavene til stulsboka, samt all innsats, oppfølging og interesse som medlemmer og andre viser for aktivitetane i laget.

Vedtatt på styremøte 4. februar 2013

Styret i Sauherad Historielag